



Helse- og omsorgskomiteen  
Stortinget  
0026 OSLO

Dato: 15.05.2015  
Vår ref.: 2014/2-82  
Saksbehandlar: adelan  
Dykkar ref.:

## Fagskulane si plassering i utdanningssystemet

Hordaland fagskulestyre syner til fagskulekonferanse 4. – 6. mai der ein av innleiarane tok opp tema i høve til kva nivå fagskuleutdanningane skal liggje på. Fagskulane er i dag plassert over vidaregåande nivå, og under høgskulenivå. Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) stadfestar dette tydeleg ved å plassere fagskulane på nivå 5, medan vidaregåande skule er på nivå 4 og høgskuleutdanningar startar på nivå 6. Såleis er fagskulane innplassert på eit eige nivå i utdanningssystemet og er ei utdanning som byggjer på fullført vidaregåande utdanning slik som anna høgare utdanning.

Det er stor semje om at fagskulane må styrkast og reindyrkast som skuleslag. Dersom fagskulane vert lagt til høgskulane er det fare for at samfunnet vil miste viktige kvalitetar som kjem samfunnet til gode. Fagskulane meistrar, i større grad enn høgskulane, å halde nær kontakt med næringslivet og imøtekomme næringslivet sitt kompetansebehov. Fagskulane evnar også å snu seg raskt om i høve til å etablere nye utdanningar som næringslivet etterspør.

Fagskolane i Hordaland har dei siste åra utvikla fleire nye fagskuletilbod og oppretta nye studiestader etter ønskje frå regionalt næringsliv. Det er utvikla nye aktuelle tilbod både innan helse- og omsorgsfaga, tekniske fag og grønne og marine fag. Hordaland fylkeskommune har også bidrege med finansiering i realiseringa av fleire av desse tilboda.

Hordaland fagskulestyre vil på bakgrunn av dette få presisere kor viktig det er å vidareutvikle fagskulane som eit eige skuleslag som tilfører næringane naudsynt kompetanse. I tillegg er det viktig at fagskuleutdanningane ikkje vert for akademiske men held på skuleslaget sin yrkesnærleik og praksisretting.

Roald Stenseide  
styreleiar Hordaland fagskulestyre

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*